

Deres ref.:

Vår ref.: Ard17018

Bergen: 11.07.18

## UTVIDING OG ENDRING AV PLANGRENSA - AVGRENSA VARSLING

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-2, 12-8 og 12-14 vart det varsla i brev av 16.10. 17 om at det skulle setjast i gong arbeid med områderegulering for Dalstø - Mjåtvitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 m.fl. i Meland kommune.

**Reguleringsplan:**

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Områderegulering vert nytta av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel, eller kommunen finn at det er behov for å gi meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken. Områderegulering utarbeidast av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering.

**Tiltakshavar og konsulent:**

Furefjellet AS er tiltakshavar i samarbeid med Meland kommune. Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

**Planområdet og føremål med planarbeidet:**

Planområdet ligg på Mjåtvit og er avsett til framtidig busetnad med krav om reguleringsplan og høg utnytting. Mot sjø er arealet sett av til grønstruktur/LNF med omsynssoner for kulturmiljø/kulturminne og friluftsliv. Planområdet omfattar blant anna felt B\_9 og delar av B\_8 i kommuneplanens sin arealdel.

Målet for reguleringsarbeidet er å legge til rette for variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur, samt å etablere barnehage (gards- og friluftsbarnehage) og vurdere skuleføremål innanfor område. Det vert lagt opp til tilkomst både frå Dalstø og Mjåtvit.

**Føremål med utviding og endring av plangrensa:**

Plangrensa i nord og langs Fylkesvegen utvidast for betre å kunne tilpasse framtidig utbetring av veg og avkjørsel. Plangrensa i sør trekkast bort frå sjøarealet og frå garden Mjåtvitstø. Det planleggast ikkje for nye tiltak i sjø eller på garden. Sjå kart med ny plangrense på neste side.

**Merknad til endring av plangrensa:**

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Varslinga er sendt til offentlege instansar og grunneigarar i nord langs fylkesvegen. Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen

Eller på e-post: post@ardarealplan.no

Meir informasjon kan lesast på nettsida til Ard arealplan: <http://www.ardarealplan.no/>

Det er ikke naudsynt å sende kopi av merknadar til Meland kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt til Meland kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader til ny plangrense er sett til **17.08.2018**.

Med beste helsing




Aslaug Sæther  
Arealplanleggar - Geograf  
Ard arealplan as

Tlf: 55 31 95 00

Vedlegg: varslingskart med ny plangrense og varslingsliste

Ny plangrense:



Varslingsliste:

|   |  |
|---|--|
| Bergen og omland Friluftsråd                    | Kystverket                                 |
| Bergen og Hordaland Turlag                      | Lindås og Meland Brannvern                 |
| BKK   | Meland bondelag                            |
| Fellesråd Eldreråd/RMF                          | Meland Sogelag                             |
| Fiskarlaget Vest                                | Meland Ungdomsråd                          |
| Forsvarsbygg                                    | Naturvernforbundet Hordaland               |
| Forum for Natur og Friluftsliv v/ Bergen Turlag | NGIR                                       |
| Friluftslivets fellesorganisasjon               | Nordhordland Jeger og Fiskeforening        |
| Fylkesmannen i Hordaland                        | Nordhordland Lensmannskontor               |
| Hordaland Bondelag                              | Norsk bonde- og småbrukerlag Hordaland     |
| Hordaland fylkeskommune                         | NVE Region Vest                            |
| Idrettsrådet v Bjørn T. Hesjedal                | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne |
| Kommuneoverlege Tord Molsumyr                   | Statens Vegvesen Region Vest               |
| Mattilsynet                                     | Telenor kabelnett                          |

Grunneigarar gnr/bnr:

18/5, 19/9, 19/8, 18/9, 18/10, 22/1, 22/3, 22/107, 22/108, 22/116, 22/91, 22/6, 22/5, 22/4, 22/25, 22/7, 22/155, 22/186, 22/43, 22/190, 22/77, 22/74, 22/70, 22/56, 22/80, 22/31, 22/37, 22/18, 22/249, 22/48, 22/76, 22/263, 22/38, 22/63, 22/247, 22/148, 22/65, 22/106, 22/71, 22/248, 22/57, 22/218, 18/68, 18/91, 19/3, 19/21, 19/41, 19/64, 21/4, 22/246